

Skulane i Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/328 - 14/3511

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

16.04.2015

## Vidareutdanning for lærarar og rektorutdanning 2014 - 2015

Informasjon om vidareutdanning og rektorutdanning 2014-2015.

### Kompetansekrav

Nye krav til lærarkompetanse er vedteken av Stortinget. Kompetansekrava er no knytt både til tilsetjing og til undervisning i fag. På grunnlag av lovendringa, vil det og kome ei forskriftsendring.

Kompetansekrav frå og med skuleåret 2014-2015:

- Ungdomstrinnet: 60stp (relevante) i norsk, matematikk og engelsk og 30stp i dei fleste andre fag
- Barnetrinnet: 30stp (relevante) i norsk og matematikk

Dei nye krava vil gjelde for lærarar som er ferdig utdanna etter 1.januar 2014. Krava er i tråd med innhaldet i den nye lærarutdanninga der fyrste kull er ferdig nå våren 2014. Lærarar som er ferdig med si utdanning tidlegare, vil ikkje vere omfatta av dei nye krava.

Det er skuleeigar som har mynde til å avgjere kva utdanning som er relevant for dei enkelte fag i skulen. Det er egne reglar for tilsetjing på vilkår. Skuleeigar har ansvar for å ha rett kompetanse på skulane og for å ha eit system for kompetanseutvikling.

### Strategi «Kompetanse for kvalitet»

Strategien «Kompetanse for kvalitet» er eit nasjonalt samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og statlege myndigheiter. Strategien vart sett i verk i 2009 og har som mål å styrkje elevane si læring og motivasjon i grunnopplæringa gjennom å auke lærarar og skuleleiarar sin kompetanse. Strategien omfattar vidareutdanning, etterutdanning og rektorutdanning. Studieåret 2014/2015 vil staten dekke 75 % av vikarkostnadane for studie i matematikk og naturfag, og 60 % av vikarkostnadane i alle andre fag i vikarordninga. Det vert innført ei ny stipendordning for vidareutdanning for lærarar. Meir om dei ulike ordningane finn de [her](#).

### Vidareutdanning 2014-2015

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733  
56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



31.januar 2014 sendte UDIR ut informasjon om vidareutdanning for lærarar og rektorutdanning for studieåret 2014-2015. Vi viser til mail sendt til rektorane 4.februar 2014 om at vi ville kome tilbake med meir informasjon om lokale prioriteringar.

Einingsleiarane og fagsjef har gått gjennom dei nye føringane frå staten. Føringane er sett i samanheng både med kompetansekrav for tilsetjing og undervisning i grunnskulen og i samanheng med lokalt prioriterte satsingsområde. Ut frå ei samla vurdering, er det gjort ei prioritering i samband med vidareutdanning 2014-2015.

#### Prioriterte behov ved godkjenning av søknad om vidareutdanning 2014-2015

- Rekning som grunnleggjande ferdigheit
- Kompetansekrav på ungdomstrinnet – 60 stp i matematikk, engelsk, norsk.
- Kompetansekrav på barnetrinnet 30 stp. matematikk og norsk. Engelsk på barnetrinnet vert og prioritert.
- Andre fag etter skulane sine behov (til dømes andrespråkspedagogikk, rådgjeving på ungdomstrinnet m.m.)

#### Tilbodet frå NKR/NLA – 30 stp i matematikk (Mat 1) over 4 semestre

Mat1 på NLA er det tilbodet som er gått ut til alle skulane i regionen – 30 stp i Mat 1 over 4 semestre:

- Fri vikar til 11 dagsamlingar, lesedagar til eksamen og til eksamen
- Studieavgift, reiseutgifter og studiemateriell vert dekkja av skuleeigar

Vi har så langt 12 interesserte i Lindås. Søknad til denne vidareutdanninga vert av skuleeigar ikkje prioritert under stipendordninga. Det vil kunne føre til at kanskje 2 lærarar får stipend og at dei andre går på ordninga skissert over. Det er etter vår meining viktig at alle som går på dette tilbodet, skal ha same ordning.

Lindås kommune har sett av midlar til maksimalt 15 lærarar på dette tilbodet:

Informasjon om tilbodet og om påmelding til vidareutdanning i Matematikk 1, ligg som vedlegg til dette brevet.

#### Saksgang vidare:

Det grunnleggjande i all prioritering frå skulane, er reelle behov knytt til kompetanse på skulen og til lærarane sine ynskje om vidareutdanning. Alle skulane må dokumentere skulen sine behov. Dette kan gjerast i samband med skriving av referat etter drøftingsmøte med tillitsvalde på skulen. Det må gå fram av referatet:

- a. Kva fag skulen har behov for
- b. Kva som ligg til grunn for denne vurderinga
- c. Prioritert liste over lærarar frå skulen som har søkt vidareutdanning

Referat frå drøftingsmøte skal sendast til fagsjef innan 21.mars 2014.

### Rektorutdanning 2014-2015

Satsinga på rektorutdanninga har som mål å styrkje skuleleiarar sin kompetanse i skuleleiing. God skuleleiing er ein viktig faktor for elevane si læring og utvikling. Utdanninga får gode tilbakemeldingar gjennom fleire evalueringar. I Lindås har vi i dag 13 rektorar og 11 inspektørar. Fire av desse har tatt rektorutdanninga til no og fleire andre har anna relevant leiarutdanning i ulike fag. Vi oppmodar fleire rektorar og inspektørar til å søkje på rektorutdanninga 2014-2015. Ta gjerne kontakt med einingsleiar om du er i tvil. Kommunen vil prioritere søknadar i tråd med nasjonal prioritering.

Søknadsfrist for lærarar er 15.mars og frist for å godkjenne søknadar 15.april. Det er same frist for søknadar til rektorutdanninga.

For meir informasjon om søknadsprosedyrer, og førebels ramme for vikarmidlar til vidareutdanning, sjå:  
<http://www.udir.no/Utvikling/Etter-og-videreutdanning/Etter--og-videreutdanning/Soknadsprosedyrer-og-tildeling-av-midler-videreutdanning-av-larere-og-Rektorutdanningen/>

Alt om vidareutdanning for lærarar finner de på [www.udir.no/videreutdanning](http://www.udir.no/videreutdanning)

Alt om rektorutdanning finn de på [www.udir.no/rektorutdanning](http://www.udir.no/rektorutdanning)

Med helsing

Anne Wergeland  
fagsjef skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*